

# Møteinnkalling

---

**Utval:**       **Folgefonna nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:**   Telefonmøte  
**Dato:**        27.08.2020  
**Tidspunkt:**   15:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til Jostein Klette på tlf. 55 57 22 02.  
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 24/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 25/20	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 26/20	Søknad om utsett frist for retting av tiltak - Gjetarbu - Vatnastøl - Ænesdalen		2020/2872
ST 27/20	Val av styremedlem til Stiftinga Folgefonnsenteret		2020/364
ST 28/20	Eventuelt		

**ST 24/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 25/20 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2020/2872-10  
Sakshandsamar: Jostein Klette  
Dato: 19.08.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	26/20	27.08.2020

## Søknad om utsett frist for retting av tiltak - Gjetarbu - Vatnastøl - Ænesdalen

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev avslag på søknad om utsetting av frist til mai 2021, for retting av ulovleg tiltak på gjetarbu i Vatnastøl – Ænesdalen. Vedtak i sak ST 5/20 vert opprettholdt.

### Saksopplysningar

Folgefonna nasjonalparkstyre mottok søknad frå Per Magne Enes den 13. august. Det er søkt om utsett frist for retting av ulovleg tiltak til mai 2021. Bakgrunn for søknad om utsett frist er at tiltakshaver ynskjer å undersøke om det er heimel i Naturmangfaldlova § 69 for å pålegge riving av terrasse.

Folgefonna nasjonalparkstyre fatta vedtak om retting av tiltak i vedtak ST 5/20, den 26. mars 2020. Vedtaket som vart fatta var:

*Folgefonna nasjonalparkstyre gjev med dette pålegg om fjerning av veranda utanfor gjetarhytte ved Vatnastøl, jf. vedtak i sak ST 29/13 og ST 6/14, med heimel i Naturmangfaldlova § 69.*

#### Vilkår for vedtaket er:

- Veranda med fundament skal fjernast frå bygget si langside.
- Tiltaket skal vera fjerna og området skal vera rydda for bygningsmateriale og avfall tilknytt fjerning av tiltaket, innan 1. oktober 2020.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



- *Det kan stå att ein platting på bygningen si nord-austlege side, med breidde avgrensa av bygningens breidde, dvs kortside, og lengde avgrensa av dagens lengde ut frå bygningskropp. Rekkverk skal målast i same farge som hytta.*
- *Dersom tiltaket ikkje er fjerna og området er rydda slik det er skissert i vilkåra innen fristen vil styret vurdera tvangsmulkt i eit eige vedtak, jf. NML § 73.*

Vedtaket er grunngeve i sakspapira, jf. vedlegg i denne saka. Det rettslege grunnlaget i Naturmangfaldlova § 69 er vurdert slik:

**«Juridisk grunnlag for pålegg om retting**

*Naturmangfaldlova § 69 heimler adgang til å gje pålegg om retting av eit ulovleg tiltak. Krav til å gje eit pålegg er at det tvillaust er gjennomført eit ulovleg tiltak. Vedtak om bygging av gjetarbu viste til innsendte teikningar. Desse viste ikkje veranda. Bygging av veranda er difor å rekne som eit tiltak som det ikkje er gjeve løyve til. Det er difor adgang til å gje pålegg om retting av ulovleg tiltak i høve til § 69.»*

## Vurdering

Nasjonalparkstyret må vurdera om det er grunnlag for å gje utsett frist for retting av tiltaket. Bakgrunnen for søknad om utsett frist er at tiltakshaver vil vurdera om det er rettsleg grunnlag i Naturmangfaldlova § 69 for å pålegge retting av tiltak.

Forvaltaren har vurdert det rettslege grunnlaget i sakspapira i vedta ST 5/20, jf. vedlegg. I naturmangfaldlova er det eintydig vist til at forvaltningsmynde, dvs Folgefonna nasjonalparkstyret, har heimel i Naturmangfaldlova § 69 til å pålegge tiltakshaver til å rette opp i ulovlege byggetiltak.

Det er forvalter sin vurdering at det er tvillaust at vedtaket til nasjonalparkstyret har heimel i naturmangfaldlova.

Ein vil i tillegg peika på at det er ein klageadgang på nasjonalparkstyret sine vedtak, i henhold til forvaltningslova. Tiltakshaver har ikkje klaga på vedtaket. Klagefristen gjekk ut i april 2020. Dersom tiltakshaver meinte at det ikkje var heimel for nasjonalparkstyret sitt vedtaket burde det vera retta ein klage til nasjonalparkstyret eller vore peika på umiddelbart etter at tiltakshaver hadde fått vedtaket oversendt.

Det vart sett ein frist på 6 månader for fjerning av ulovleg veranda, frå 26. mars til 1. oktober. Det er søkt om utsett frist til mai 2021. Det er forvaltar sin oppfatning at ei vurdering av rettsleg grunnlag for pålegg av retting av tiltak vil kunne gjennomførast på adskillig kortare tid enn innan mai 2021. Ein kan difor ikkje sjå at det skal vera eit grunnlag for å gje utsett frist for gjennomføring av ulovleg tiltak. Tiltakshaver har heller ikkje klaga på vedtaket eller peika på at det er urimeleg kort frist for vurdering av heimel eller gjennomføring av retting av tiltak

Forvalter vil difor innstille på gje avslag på søknad om utsett frist til retting av ulovleg tiltak.



Vedlegg:

- 1 Partsbrev - Vedtak om retting av tiltak - Gjetarhytte ved Vatnastølsvatnet - Folgefonna nasjonalpark



Arkivsaksnr: 2020/364-0

Sakshandsamar: Jostein Klette

Dato: 21.08.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	27/20	27.08.2020

## Val av styremedlem til Stiftinga Folgefonnsenteret

### Innstilling frå forvaltar

Forvalter har inga innstilling i saka.

### Saksopplysningar

Styreleiar i Stiftinga Folgefonnsenteret, ordførar i Kvinnherad Hans Inge Myrvold, har bede om at Folgefonna nasjonalparkstyre innstiller eit styremedlem og eit varamedlem til Stiftinga Folgefonnsenteret.

Stiftinga Folgefonnsenteret er ein ideell, sjølveigande institusjon som er skipa av kommunane på Folgefonnhalvøya, (Jondal, Ullensvang, Odda, Etne, Kvinnherad) og Universitetet i Bergen.

Føremålet med stiftinga er å driva Folgefonnsenteret som eit senter for forskingsbasert kunnskapsformidling kring tema knytt til Folgefonna, landskapet og fjordsystema kring Folgefonnhalvøya.

I vedtektene til Stiftinga Folgefonnsenteret har Folgefonna nasjonalparkstyre representasjon med eit styremedlem og eit varamedlem.

### Vurdering

Forvaltar har inga vurdering eller innstilling til kven som bør stille. Nasjonalparkstyret må vurdere førespurnaden i styremøte.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

**ST 28/20 Eventuelt**